



# ROVVILTNEMNDEN I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1  
Adresseliste

Dykkar ref:                      Vår ref.:                      Arkivnr.:                      Dato:  
   2017/1678                                                                24.05.2017

### **Lisensfelling på jerv og ulv 2017/2018. Vedtak 24.05.2017.**

*Til stades frå nemnda: Aleksander Øren Heen, Gunvor Birkeland, Aase Simonsen og Helen Hjertaas.*

Saksframlegg frå sekretariatet.

Sak 07/17: Lisensfelling på jerv og ulv.

#### *Politiske føringar og lovverk*

Desse dokumenta er lagt til grunn for saksframlegget:

- St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur
- Innst.S.nr 174 (2003-2004)
- Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold
- Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2014
- Data frå overvakingsprogram for rovvilt, Rovdata
- Rovviltforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011
- St.meld.nr. 21, Ulv i norsk natur (2015-2016)

#### **Saksopplysningar**

Lisensfellingsperioden for jerv er 10. september til 15. februar. Det er ikkje nasjonale mål om ynglingar av jerv eller anna rovvilt i Region 1. Rovviltnemnda har difor alltid mynde til å kunne vedta kvote for lisensfelling etter rovviltforskrifta §7. I Region 1 er det store beiteinteressar, og tiltak mot rovviltskade vil i stor grad vere ulike former for felling. Stortinget har seinast i rovviltforliket frå 2011 understreka at lisensfelling skal vere viktigaste reiskap for felling.

Det er likevel slik at også i Region 1 skal ein ta omsyn til nasjonale mål for jerv. Difor er det og krav om fastsetting av kvote. Rovviltnemnda skal legge til grunn data frå nasjonalt overvakingsprogram, SNO sin dokumentasjon av førekomsten av jerv i Region 1 og tilgrensande område i spesielt Region 3, og skadesituasjonen ved vedtak om lisensfelling på

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:  
Aleksander Øren Heen  
Naddvik, 6885 Årdalstangen  
Telefon: 91134842

aleksander.heen@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/sfj>

Sakshandsamar:  
Hermund Mjelstad  
Telefon 57643124

fmsfhm@fylkesmannen.no

jerv (jf forvaltingsplanen pkt 8.7). Miljøverndepartementet har i handsaming av klagesaker streka under at *”prinsippet om arealdifferensiering ikke er ensbetydende med at områder som er prioritert til beitebruk til enhver tid skal være frie for rovvilt, eller at beitedyr skal utelukkes i områder hvor rovdyr gis prioritet.”* På den andre sida seier forvaltingsplanen at rovpattedyr med skadepotensiale er uønska i regionen.

Rovviltforliket gjentar regjeringa si hovedprioritering av lisensfelling som hovedregime for uttak av jerv. Ekstraordinære uttak skal haldast så låge som råd. Samstundes er det sagt at *”i de tilfeller der lisensfelling ikke gir tilfredsstillende uttelling, skal miljøforvaltningen så langt det er mulig sørge for at resterende kvote tas ut i de områdene lisensfellingskvote er gitt. Uttak i det som av rovviltnemndene er definert som prioriterte beiteområder i de enkelte regionene blir prioritert.”* Region 1 er fullt ut definert som prioritert beiteområde.

Det nasjonale overvakingsprogrammet estimerer ein gjennomsnittleg bestandstorleik siste 3 år for jerv på 55,7 ynglingar i landet. Tala frå 2017 er ikkje med i dette estimatet. Pr 27. april i år er det registrert 9 ynglingar i landet i 2017 (50 i 2016). 1 yngling er registrert i nabofylket Oppland, mot 7 i fjor. Nasjonalt bestandsmål er 39 årlege ynglingar. Dei fleste ynglingane blir registrert frå april og utover no i mai-juni så tala for Oppland, og landet, vil stige framover våren. Rovdata legg fram offisielle tal 1. oktober.

26 jerv (inkludert to valpar) er teke ut i landet (pr 27.04.2017) etter 01.01.2017. 69 er felt på lisensfelling, inkludert 10 felt av SNO. Det er pr. 27.04.2017 avgang på tre jerv i vår region, alle hannar. Ein i Luster, ein i Årdal og ein i Suldal kommune. Ingen er felt under lisensjakta i sesongen 2016/2017 i region 1 av ei kvote på 8 dyr.

Etter ekstrauttaka er det i dag (pr. 27. april) nokre få jervar att i region 1, truleg færre enn ti individ. Ein av desse er registrert i området Jølster/Naustdal/Gloppen. Av tispar er det mogleg at det er ei i Årdal kommune (Ofredal-området) som det er uvisst om ynglar eller ikkje. Det er grunn til å tru at det framleis er minimum eit dyr igjen i dei sørlege fjellområda i regionen. Jervebestanden i landet ligg om lag på det nasjonale bestandsmålet, og er rekna til å vere rundt 340 vaksne individ (2015).

Erstatningsoppgjeret for tap av bufe til rovvilt går fram av tabellen under i form av tal tapte sau og lam som det er utbetalt erstatning for etter beitesesongen 2016. Til saman gjeld det 570 sau og lam (617 i 2015), (1634 i 2014) og 659 i 2013). Tala er henta frå Rovbasen.

Skadegjerar	Tal sau erstatta	Tal lam erstatta	Totalt tal erstatta	Prosentvis del av totaltap
Gaupe	2	26	28	4,91 %
Jerv	26	301	327	57,37 %
Bjørn	0	0	0	0,00 %
Ulv	5	9	14	2,46 %
Kongeørn	3	100	103	18,07 %
Uspesifisert	15	83	98	17,19 %
Totalt	51	519	570	100,00 %

**Endringar frå 2015 er færre skader frå gaupe og ulv, fleire skader frå jerv og uendra for kongeørn.**

Fylke	Tal søknader	Totalt tap		Normaltap		Erstatta		Erstatningsbeløp
		Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam	
Vest-Agder	16	70	337	40	161	5	16	kr 52.736
Rogaland	29	83	452	52	188	12	265	kr 585.506
Hordaland	6	32	135	26	57	3	41	kr 103.149

Sogn og Fjordane	31	120	515	47	191	<b>31</b>	<b>197</b>	kr 522.020
Totalt	82	295	1204	144	511	<b>96</b>	<b>521</b>	kr 1.263.411

#### *Sekretariatet si vurdering*

KLD sitt krav om tidleg sakshandsaming av omsyn til klage førar til at vedtak om lisensfelling av jerv og ulv må gjerast før sommarferien.

Den nasjonale bestanden av jerv ligg om lag på bestandsmålet, men det er meir usikkerheit knytt til den sørvestlege delbestanden som region 1 er del av.

På den eine sida er det viktig å ha ei tilstrekkeleg kvote for å kunne ta ut jerv på lisensfelling. Det gjeld både dei få dyra som framleis kan tenkast å ha fast tilhald innanfor regiongrensa, men ikkje minst dyr som nyttar grenseområde mot Oppland og kanskje og Agder/Telemark. Jerven sin vandringskapasitet og utfordringa med å framskrive situasjonen fram til midten av februar neste år, gjer det vanskeleg å gje råd om ei talfesta kvote.

På den andre sida tilseier røynslene med lisensfelling at få dyr blir tatt ut i Region 1. Uttaket varierer mellom 0 og 1 dyr pr sesong. Det er likevel eit mål at fleire dyr skal takast ut gjennom lisensjakt og KLD har vedteke forskriftsendring for å få meir effektiv lisensjakt. Sogn og Fjordane er her med i eit prøveprosjekt med meir effektiv lisensjakt ( Luster og Årdal). Kvotefastsetting er uttrykk for eit maksimalt forsvarleg uttak, der førekomst og skadepotensiale blir vurdert opp mot bestanden si evne til overleving på lang sikt.

Sjølv om førekomsten av jerv tilsynelatande er meir spreidd enn før, vurderer vi sjansen for innvandring framleis som størst i Indre Sogn og Nordfjord (Stryn). Sporobservasjonar tilseier at her er fleire jervar att etter dei ekstraordinære uttaka i vinter ( to individ ) Etter uttak av ein hannjerv i Rogaland i april 2017 er det truleg minimum eitt individ att i den sørlege delen av regionen.

I 2016 vart det registrert 7 ynglingar i Oppland. Bestandsmålet for fylket er fire ynglingar pr. år. Status for 2017 er ikkje kjent pr. dato. SNO har teke ut to jervar i Oppland pr. 27.4.17, og under lisensfellinga er det felt seks jervar og ein jerv på skadefelling.

Det er frå Oppland jervane våre stort sett kjem, og vedtaka og forvaltninga der har såleis stor innverknad på region 1, spesielt for Sogn og Fjordane.

#### *Framlegg til vedtak*

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2017 – 15.02.2018.

*Til saman kan det fellast 8 jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.*

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar

for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

- Det er høve til bruk av båsar til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.

- Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

- Fylkesmennene administrerer lisensfellinga

### Lisensfelling av ulv

Nasjonalt forvaltingsmål for ulv er 4-6 årlege ynglingar i pr. år, der minst tre skal vere heilnorske ynglingar. Også ynglingar utanfor ulvesona skal telle med, og grenserevir skal telle med, med ein faktor på 0,5. Ulvesona på Austlandet er noko redusert. Bestandsmålet (3 heilnorske ynglingar/år) har vore nådd dei siste åra. Registreringane viser at det er fødd fire ulvekull i heilnorske revir i 2016, i tillegg seks i grenserevir, som til saman blir «omrekna» til sju kull. Vinteren/våren 2016/2017 er det dokumentert 101 - 107 ulvar innanfor Noreg sine grenser. Det er i perioden 1. juni 2016- d.d. 2017 ikkje felt ulv i region 1. (Den siste felte var i Flekkefjord 11.01.2016). Det er ingen sikre observasjonar av ulv registrert i Rovbasen i perioden etter denne siste fellinga, men det er dokumentert skade av ulv i juni i Mandal og september i Lyngdal. Med den auken som er i bestanden av ulv, er det sannsynleg at det vil kome fleire streifande ulvar til region 1 framover.

Ut frå erfaringane med ulv frå dei siste åra, vil vi rå til å vedta lisensfelling av ulv i region 1 også for 2017/18. Lisensfellingsperioden for ulv i vår region er frå 1. oktober til 31. mars.

#### *Framlegg til vedtak*

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av ulv i perioden 01.10.2017 – 31.03.2018.

Til saman kan det fellast **3 ulv** i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

-Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

- Fylkesmennene administrerer lisensfellinga

## **Rovviltnemnda sitt vedtak 24.05.2017:**

### **Lisensjakt på jerv.**

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2017 – 15.02.2018.

Til saman kan det fellast **8** jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt pliktar å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

- Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.

- Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

- Fylkesmennene administrerer lisensfellinga

### **Samrøystes vedtak i rovviltnemnda.**

#### **Lisensjakt på ulv.**

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av ulv i perioden 01.10.2017 – 31.03.2018.

Til saman kan det fellast **3** ulv i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar

å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

-Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

- Fylkesmennene administrerer lisensfellinga

### **Samrøystes vedtak i rovviltnemnda.**

#### Adresseliste:

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane: sognfjordane@naturvernforbundet.no  
Naturvernforbundet Bergen og Hordaland: hordaland@naturvernforbundet.no  
Naturvernforbundet Rogaland: rogaland@naturvern.no  
Naturvernforbundet Vest-Agder: vestagder@naturvern.no  
Foreningen våre rovdyr: fvr@fvr.no  
WWF Norge: wwf@wwf.no  
Norges Miljøvernforbund: nmf@nmf.no  
Statens Naturoppsyn : rein-arne.golf@miljodir.no  
Statens Naturoppsyn: jon.erling.skatan@miljodir.no  
Fylkesmannen i Vest-Agder: fmavpost@fylkesmannen.no  
Fylkesmannen i Rogaland: fmropost@fylkesmannen.no  
Fylkesmannen i Hordaland: fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
Klima- og miljødepartementet: postmottak@kld.dep.no  
Miljødirektoratet: post@miljodir.no  
Mattilsynet: Trude.Lien@mattilsynet.no  
Mattilsynet region sør og vest: postmottak@mattilsynet.no  
Sogn og Fjordane Bondelag: Merete.Stofring@bondelaget.no  
Sogn og Fjordane sau- og geit: ragnhild.saele@enivest.net  
Vest-Agder sau- og geit: sekr.vestagder@sauoggeit.no  
Agder Bondelag: finn.aasheim@bondelaget.no  
Rogaland sau- og geit: leder.rogaland@sauoggeit.no

Med helsing

Aleksander Øren Heen

leiar for rovviltnemnda

